

Per Terje Haaland

Gangsteinar

Til alle tider har det vore eit problem å ta seg over elvar og bekker – særleg om det var mykje vatn. Slik var det i låglandet og i fjellet over heile landet før bruer og betre veger vart bygde. Utan gangsteinane måtte ein ofte gå lange vegar for å finna ein høveleg stad å vassa over. Så var det å spenna av seg sko og sokkar og bretta opp buksebeina eller halda stakken oppom knea og vassa over til den andre sida. Nokre gangsteinar (hoppesteinar) var lagde opp av store stienblokker, andre var av mindre storleik. Nokre gangsteinrekker kunne vera lange, andre korte alt ettersom kor brei elva eller bekken var. I dag er dei fleste av gangsteinane borte, anten tekne av flaum eller fjerna av andre årsaker. Men særleg i fjellet finst det framleis mange gangsteinar, noko både grunneigarar og turistar set pris på.

På 'vårt' fjell finst det minst tre tydelege gangsteinar, eller kanskje rettare å seia gangsteinrekker. To av desse er framleis i bruk og svært nyttige om det er mykje vatn i bekkene. Sjå kart! Dette er fysiske spor og fine kulturminne det er viktig å kjenna til og å ta vare på. Vi veit ikkje kor gamle dei er, men kanskje 100-200 år?



(2) Dette er gangsteinane som går over Stølsbekken, ikkje så langt ovanom den nye 'brua'. Bekken er her omlag 5 meter brei. Dette biletet er teke i 1996. I dag er steinrekka ikkje så tydeleg - flaum har vel gjort sitt. Litt reparasjon trengst. Stien opp til Hålandstølen og vidare går i dag lenger inne på myra og krysser bekken lenger oppe der han er på det smalaste. Kanskje dette er eit minne om ein eldre sti opp til stødln? Det går eit litte myrdrag opp mot stødln litt lenger vest enn noverande stitrasé.

I alle høve må det ha vore eit behov for å leggja opp desse steinane. Området litt lenger nede i bekkene og inn i Stølsvatnet ber namnet Såme. Her vert det sagt at dei jaga kyrne over på veg heim til stødln. Kanskje stølsjentene hadde behov for å ta seg over nokolunde tørre på føtene for å følgja dyra?

Foto 1996: Per Terje Haaland.



(3) Gangsteinane i nordaustre hjørne av Heimre Sliravatn. Dette er store steinar som ligg stødig, også fordi her er det ikkje nokon elvestraum som kan fjerna dei. Dersom det er mykje vatn, er desse steinane svært nyttige. Men, dersom det er svært mykje vatn er dei til mindre hjelp. Då må ein klatra opp i berget for å kome seg vidare.
Foto 2019: Per Terje Haaland.



(4) Dette er gangsteinane ved utløpet av Nore Eikeskogstølskjødnå. Dette er eit flott byggverk som vert halde vedlike framleis. Stien frå Nore Eikeskogstødln til Sliravatnet og ned Norddalen går her. Utan desse gangsteinane vil det vera vanskeleg å koma seg over bekken tørrskodd. Bekken er djup her. Men med mykje vatn kan det vera utfordrande uansett.
Foto 2019: Per Terje Haaland.



(1) Her renn elva ut frå Stølsvatnet. Hatten i bakgrunnen. Ved lita og middels vassføring er det ikke vanskeleg å koma seg over. Før bruа lenger nede kom, var det nok her folk til Molaug- og Kommedalsstølane gjekk over elva. Eit tydeleg, gammalt stiftår opp langs elva på nordsida av elva kan tyda på dette. Det skal og ha vore gangsteinar ein stad her, men dei er borte no. Foto 2019: Per Terje Haaland.

